

Fra: Inge Herman Rydland <rydlandmail@gmail.com>
Sendt: tirsdag 30. mars 2021 13:03
Til: post@vlfk.no
Kopi: Tone.Boyum@vlfk.no; Anne Lise Molvik
Emne: Dispensasjon frå veglova, gbnr173/3 Rydland, Alver kommune

Saka gjeld:

Søknad om dispensasjon - renovering av driftsbygning langs Fv 5472 Seimstranda, Gnr 173 bnr 3, Alver kommune

ref.: 2021/7857-2

Fylkeskommunen

Vestland

v/Tone Bøyum, senioringeniør

Eg takkar for svar i frå Vestland fylkeskommune om denne saka, og klargjering av rollen fylkeskommunen har som vegstyresmakt.

I tråd med svar i frå fylkeskommunen, og brev i frå Alver 28. mars 2021, der denne saka er nemnd, søker eg om dispensasjon i frå veglova for dette prosjektet. Målet er å ta vare på og å gjera driftsbygningen tenleg til lager for utstyr og maskiner som eg nyttar i skogen og for vedlikehald på garden, men også laga plass for å ta vare på gamle gardsmaskiner som var viktige i drifta av garden i mange tiår. Grunngevinga er som følger:

- Fylkeskommunen har, so langt eg kan forstå, påpeika avstanden frå hjørnet på noverande gjødselskjellar til midten av vegen er ca 6 meter, og att det difor er naudsynt med dispensasjon i frå veglova. Då den "nye" vegen var bygd rett gjennom gardstunet på gbnr 173/3, erstatta den den Trondhjemske postvegen, som skilde gbnr 173/3 og 173/5 i frå kvarandre. Det hende, etter det dei seier som kjenner saka betre enn meg, ca 80 år etter att løa vart bygd.
- Gjødselskjellaren vart fullstendig renoverert for 5 år sidan (etter att taket kollapsa). Det prosjektet vart godkjend av Lindås kommune. Den delen av driftsbygningen er difor allt reparert, og inngår ikkje i dette prosjektet. Det vart i den søknadsprosessen ikkje reist krav i frå kommunen si side om dispensasjon frå veglova. Til orientering kan eg nemna att hjørnet på driftsbygning som no vert renoverert, ligg ca 11 meter i frå midten av fylkesvegen.
- Som peika på tidlegare, er løa i dårleg forfatning, og kan i dag ikkje brukast til nokon ting på grunn av vatnskader som har svekka takkonstruksjonen til den grad att taket kan rasa inn. Desse skadene har også skada berande veggar. Austveggen måtte difor gjerast om i 2017. Rommet som vart nytta til fjøs (flor'n) er eit flott rom bygd av tømmer - unikt i sin design for denne delen av Vestlandet. Det rommet har eg fram til no har klart å skjerma frå større skader, men vatnlekkasjar er no synlege ogso der.

Eg ser difor fram til ei rask og positiv handsaming av denne søknaden om dispensasjon i frå veglova.

Med venleg helsing

Inge Herman Rydland
grunneigar 173/3 Rydland